



## Om NHH

[Noregs handelshøgskole \(NHH\)](#) er mellom dei leiande handelshøgskolane i Europa. NHH har eit internasjonalt akta forskingsmiljø og er førstevelet for studentar som skal ta økonomisk-administrativ utdanning i Noreg. NHH har 3400 studentar og 400 tilsette.

# Internasjonal rådgivar

## Om seksjonen og stillinga

NHH har ledig ei fast stilling i 100 prosent som rådgivar. Stillinga er plassert i Seksjon for internasjonale relasjonar, som er ein del av Studieadministrativ avdeling. Seksjonen har ansvaret for å administrere og forvalte høgskulen sine utvekslingsprogram og avtalar, og organiserer og drifrar studentmobiliteten og andre internasjonaliseringsaktivitetar på utdanningsområdet.

NHH er leiande i Norge på internasjonalisering av høgare utdanning og vi søker etter ein ny medarbeidar som kan bidra til å drifte og vidareutvikle eit strategisk viktig satsingsområde i rask endring. Vi søker etter ein engasjert og dyktig medarbeidar med erfaring frå liknande arbeid som trivs i eit internasjonalt miljø med ein travel og variert kvardag. Stillinga er fagleg utfordrande og du vil ha kontakt med studentar, leiarar og kollegaer i administrasjonen og i fagstab. Du vil og ha mykje kontakt med samarbeidspartnarar verda rundt.

## Hovudansvar og oppgåver

- administrativ koordinator for NHH sitt dobbelgradsprogram og delar av NHH si portefølje av utvekslingsavtaler oppdelt etter geografiske område
- prosjektarbeid, særskilt knytt til EU-programmet Erasmus+ og nasjonale partnerskapsprogram
- sakshandsaming og utreiingsarbeid
- rettleiing og rådgiving
- utviklings- og strategiarbeid
- formidling og representasjon

Du må rekne med endringar i arbeidsoppgåvene over tid. Noko reiseverksemd i inn- og utland må påreknast.

## Kvalifikasjonskrav

- relevant høgare utdanning, fortrinnsvis på masternivå (relevant realkompetanse kan i særlege tilfelle erstatte utdanningskravet)
- minst tre års relevant arbeidserfaring
- svært gode norsk- og engelskkunnskapar, skriftleg og munnleg
- gode ferdigheiter med bruk av digitale verktøy
- internasjonal erfaring i form av arbeids- og/eller studieopphald i utlandet

## Det er ein føremon at du har

- erfaring med internasjonalisering av utdanning
- relevant sakshandsamarkompetanse
- kjennskap til digitale verktøy som P360, FS, Agresso og Basware eller andre samanliknbare system
- erfaring med rettleiing, rådgiving og formidlingsarbeid
- språkkunnskapar i andre framandspråk

## Personlege eigenskapar

Vi ser etter deg som har evne til

- å jobbe strukturert, nøyaktig og har solide analytiske evne
- å meistre varierte utfordringar, høgt tempo og knappe fristar
- å jobbe sjølvstendig så vel som i team
- å tenke strategisk med fokus på operasjonalisering og måloppnåing
- å ha gode kommunikasjons- og formidlingsferdigheiter

## NHH tilbyr

- varierte utfordringar og gode moglegheiter for utvikling

- eit triveleg arbeidsmiljø med gode kollegaer
- fleksibel arbeidstidsordning
- gode forsikrings-, pensjons- og låneordningar i Statens pensjonskasse
- inkluderande arbeidsliv
- velferdsgode som subsidiert trening, bedriftshytte og gratis parkering

Stillinga har kode 1434 - rådgivar og er løna etter lønsregulativet til staten med kr. 514 800 - 575 700 per år avhengig av kvalifikasjonar. For særleg kvalifiserte søkjarar kan høgare løn bli vurdert. Eit innskot på to prosent til Statens pensjonskasse blir trekt frå løna.

## Generell informasjon

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Difor er det eit personalpolitisk mål å oppnå ei balansert alders- og kjønnsamansetjing, rekruttere personar med innvandrarbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne.

Vi gjer merksam på at opplysningar om søkjarar kan bli offentleggjorde sjølv om søkjaren har bede om å bli unnateken frå søkjarlista. Søkjarar vil bli informerte om dette på førehand.

Dersom du ønskjer meir informasjon om stillinga, kan du ta kontakt med seksjonsleiar Astrid Foldal, [astrid.foldal@nhh.no](mailto:astrid.foldal@nhh.no) tlf. 55 58 96 88

Søknadsfrist: 02.06.2019

Jobbnorge-ID: 170670, Søknadsfrist: Avsluttet